

2021-22



ÅRSPLAN FOR SLIDRE BARNEHAGE 2021-22



Innhold

Innleiing.....	2
Om barnehagen.....	3
Generell informasjon.....	4
Tilvenning.....	5
Venskap og fellesskap.....	5
Barns medverknad.....	5
Omsorg, leik, læring og danning.....	6
Overgangar.....	7
Foreldresamarbeid.....	7
Livsmeistring og helse.....	8
Planlegging, vurdering og dokumentasjon.....	8
Satsingsområde barnehageåret 2021-22: Kommunikasjon og språk.....	9
Barnehagens språkmiljø.....	9
Språkets betydning for relasjonar, venskap og læring.....	9
Barns ulike uttrykksformer.....	10
Utforming av det fysiske miljøet og rommets betydning for språkleg aktivitet.....	10
Språkutvikling og språkvanskar.....	10
Årshjul.....	11
Aktuelle lenkjer.....	12

Innleiing

Denne årsplanen er utarbeidd på grunnlag av lov om barnehagar med føresegner og overordna plan for barnehagane i Vestre Slidre 2020-2024. Den viser korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver. Planen beskriv også korleis vi jobbar for å nå barnehagens eigne mål og satsingar:

- Barnehagen skal opplevast som ein trygg og god stad å vere den skal ivareta barndommens eigenverd.
- Barnehagen skal fremje livsmeistring og helse.
- Barnehagen skal møte alle barn som individ med respekt for barnets opplevelsesverden.
- Barnehagen skal fremje samarbeid og samhandling.

Satsingsområdet for barnehageåret 2021-22 er **kommunikasjon og språk**. Språkstimulering er ei av barnehagens kjerneoppgåver. Språklege ferdigheiter og evne til å kommunisere er avgjerande for å kunne gjere seg forstått, og for å kunne samhandle og delta i leik med andre. Språklege ferdigheiter vil difor ha stor betydning for barnets trivsel og kjensle av meistring i kvardagen. Dette barnehageåret har vi dessutan ein barnehagelærer som tek vidareutdanning innan barns språkutvikling og språklæring, noko som heile barnehagen vil ha nytte av.

Dei tilsette i barnehagen nyttar årsplanen som eit arbeidsdokument. Kvar avdeling utarbeidar i tillegg eigne månadsplanar som beskriv korleis barnehagen jobbar med dei konkrete aktivitetane for å nå måla i årsplanen.

Årsplanen skal sikre kvaliteten på tilbodet og utviklinga av barnehagen som ein lærande organisasjon. Den skal også gje informasjon om barnehagens pedagogiske arbeid, og gje foreldra høve til å påverke barnas kvardag. Eit nært og ope samarbeid mellom barnehagen og foreldra er ein grunnleggjande føresetnad for barnets trivsel og utvikling, og saman har vi eit felles ansvar for at alle barn har ein kvardag prega av trivsel, glede og utvikling.

Barnehagens årsplan blir fastsett av barnehagens samarbeidsutval.

I Slidre barnehage jobbar vi ut i frå eit heilskapleg syn på barn. Dette betyr at det einkilde barns utvikling blir sett som eit dynamisk og gjensidig samspel mellom barnets føresetnader og det miljøet som dei er ein del av. Vi ynskjer å tilby alle barn eit trygt, variert og utfordrande læringsmiljø, uansett alder, kjønn, funksjonsnivå, sosial og kulturell bakgrunn. Alle barn skal få kjenne seg som ein likeverdig del av barnehagens fellesskap, og bli møtt og anerkjent som den dei er. Slik kan dei utvikle trygghet på seg sjølv og på eigen identitet.

Om barnehagen

Slidre barnehage er ein kommunal barnehage godkjent for 54 plassar. Vi har 3 avdelingar:

Knerten med ungar i alderen 1-2 år

Raketten med ungar i alderen 2-4 år

Spretten med ungar i alderen 4-6 år

Informasjonsrutinar:

Informasjon frå barnehagen til føresette vil bli lagt ut fortløpande i « Visma Min Barnehage – foresatt». Dette er eit nettbasert kommunikasjonsverktøy som kan nyttast både av barnehagen og føresette, og her finn de mellom anna informasjon om aktivitetar på avdelinga, planar, nyheitsbrev og beskjedar. Her kan føresette også legge inn beskjedar til barnehagen. Portalen kan lastast ned som App på mobiltelefonen via App Store eller Google Play.

Kontaktinformasjon:

I tillegg til å nytte « Visma Min Barnehage – foresatt» er det mogleg å nå oss i barnehagen på ulike måtar:

Adresse: Viovegen 14, 2966 SLIDRE

Telefon:

Spretten: 61 34 51 01/ 468 49640

Raketten: 61 34 51 02/ 468 66540

Knerten: 61 34 51 03/ 468 86130

Kontor/ styrar Monica K. Sæternes: 61 34 51 00/ 97 59 44 04

E-post: slidre.barnehage@vestre-slidre.kommune.no

Råd og utval barnehageåret 2021-22:

Foreldreråd:

Alle foreldre i barnehagen er automatisk med i foreldrerådet.

Samarbeidsutval:

Leiar: Katrine Høyne (foreldrerepresentant), tlf. 90 84 14 49

Nestleiar: Helge Strøm (foreldrerepresentant), tlf. 91 11 42 58

Personalrepresentant: Lillian Bekkemellem, tlf. 90 17 34 20

Personalrepresentant: Mona Rogn Andersen, tlf. 48 21 52 16

Eigarrepresentant: Linda Gangstad Norli, tlf: 40 24 74 91

Styrar/ sekretær: Monica K. Sæternes, tlf. 97 59 44 04

Generell informasjon

Bringing og henting av barn:

Barna skal vere komne til barnehagen innan kl. 9.30, om vi ikkje har fått annan beskjed. Kjernetida er frå 9.30-14.00, då har vi aktivitetar og opplegg i og utanfor barnehagen. Kjem barnet etter kl. 9.30 lyt barnet følgjast av foreldra dit barnegruppa er.

Dersom andre enn føresette skal hente barnet lyt vi få beskjed om dette. Sjølv om det er kjekt å bli henta av sysken e.l. er det viktig at det er med ein vaksen og hentar barnet, både med tanke på sikkerheit og informasjonsutveksling. Barnehagen stenger kl. 17.00. Vi ber alle om å respektere opningstidene. Ved henting etter 17.00 er det vedteke eit gebyr pr. påbyrja halvtime på kr. 150. Ved 2. og 3. gongs forseinking kr. 300,- og ved fleire/ lengre forseinkingar kr. 500.

Mat: Dei som ynskjer å ete frukost i barnehagen kan ha med seg dette fram til kl. 9.00. Dei som kjem etter dette har ete heime. Barnehagen serverer eit smørsmål tid til lunsj, nokon gonger varm mat. Barna må ha med eigen niste til mellommåltid kl. 14.00.

Soving: Barna søv i eigen vogn ute, evt. inne om foreldra ynskjer det. Ein eigen sovevakt har ansvar for å følgje med på dei som søv.

Turdagar: Vi er glade i å gå på tur, og tek stadig småturar rundt i nærmiljøet. I tillegg har vi ein hausttur for skulegruppa og ein eigen ski-og akedag.

Besøksdagar: Nokre dagar i året inviterer vi foreldre eller besteforeldre på besøk slik at barna kan få vise fram barnehagen sin.

Bursdagar: Når eit barn har bursdag skal han/ ho få vere midtpunktet i barnegruppa. Vi flaggar i barnehagen, lagar bursdagskrone, syng bursdagssong, og skyt opp "rakettar". Til 11-måltidet får bursdagsbarnet sjølv velje ut ein rett frå bursdagsmenyen vår.

Skuleklubben: 5-åringane våre har eige gruppetid fast ein dag i veka, der dei held på med ulike aktivitetar. Målet er fyrst og fremst at dei skal bli godt kjende og trygge på kvarandre før dei byrjar på skulen.

Juleførebuingar: I desember blir det juleførebuande aktivitetar med blant anna adventssamling, juleverkstad, julebakst og anna førjulskos. 13. desember går skulegruppa luciatog, og foreldra deira er velkomne til å vere med og sjå på. Vi arrangerer også eit julebord for alle barna, der dei kan kome i finstasen den dagen og nyte god mat. I tillegg har vi ein nissefest der vi kler oss i raude klede (om ein har) og inviterer foreldra på julegraut på ettermiddagen for å kome i ordentlig god førjulsstemning.

Sommarfest: I juni arrangerer foreldrerådet sommarfest for heile barnehagen. Dette er ei markering av at vi snart er ferdig med barnehageåret, og at dei eldste barna snart skal slutte i barnehagen og byrje på skulen. Festen føregår i barnehagen.

Trafikksikkerheit

Vestre Slidre er ei «Trafikksikker kommune», med eit godt system for trafikksikkerheitsarbeidet. Barnehagen har eigne rutiner for når barna er på tur, som alle er pålagt å følgje. Vi har og ein eigen rutine for parkering, som alle tilsette og føresette skal følgje.



TILVENNING I BARNEHAGEN

- Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen.
- Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.

Våre tiltak:

- Vi har ei eiga rutine for oppstart som føresette får tilsendt i forkant
- Kwart barn får tildelt ein primærkontakt når dei startar i barnehagen
- Vi møter barn og foreldre på ein støttande og anerkjennande måte, og legg til rette for ein open og ærleg dialog gjennom heile utdanningsløpet i barnehagen
- Vi gir borna tid og rom for å skape gode relasjonar, samt ein omsorgsfull, trygg og god start.



OM VENSKAP OG FELLESSKAP

- Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap
- Alle barn skal erfare å vera viktige for fellesskapet og oppleve eit positivt samspel med andre barn og vaksne.

Våre tiltak:

- Vi støttar og rettleier barn i leik, og hjelper dei til å utvikle vennskap og gode relasjonar
- Vi styrker inkluderinga ved å dele inn i små grupper med ulike samansetningar
- Vi samtalar med borna om normer og regler i barnehagen
- Vi støttar borna i å setje eigne grenser, samt respektere andre sine grenser
- Vi skal førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, mobbing, krenkingar og uheldige samspelmønster.



BARNES MEDVERKNAD

- Barnehagen skal leggje til rette for at barna får medverke i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda.
- Ein skal vektleggje synspunkta til borna i samsvar med alder og modning, ein måte tilpasse oppgåva/ansvaret til kvart enkelt born.

Våre tiltak:

- Vi er bevisste på dei ulike uttrykksformene til barna og ut frå desse legg vi til rette for barnas medverknad.
- Vi legg til rette for ulike aktivitetar og leiker i løpet av barnehagedagen, slik at borna kan velje kva dei vil leike med ut i frå interesser, alder og mestring.
- Vi er både inne og ute i løpet av barnehagedagen slik at borna kan vera med å medverke i ulike leikemiljø og situasjonar.
- Vidareføre ordninga med fokusbarn på avdelingane.

**OMSORG, LEIK, LÆRING OG DANNING**

- Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet og mellom barna, som grunnlag for trivsel, glede og mestring.
- Alle barna skal oppleve å bli sett, forstått, respektert og få den hjelp og støtte dei har behov for.
- Leiken skal ha en sentral plass i barnehagen, og leikens egenverdi skal anerkjennast. Leiken skal være ein arena for barnas utvikling og læring, og for sosial og språklig samhandling.
- Barnehagen skal la barna oppleve eit stimulerande miljø som fremjer nysgjerrighet, kreativitet og lærelyst, og bidreg til å leggje grunnlag for deltaking i eit demokratisk fellesskap.

Våre tiltak:

- Vi har barnets opplevelsesverden i fokus ved å vise openheit, interesse, og omsorg, og vere lydhøyr ovanfor kvart enkelt barn og barnegruppa.
- Vi skal leggje til rette for og verne om den frie leiken, og bidra til at barna får felles opplevingar som grunnlag for leik.
- Vi skal støtte og berike barnas initiativ, nysgjerrighet, kreativitet og læringslyst
- Vi skal inspirere til og gi rom for ulike typer lek både ute og inne.
- Vi er bevisste på vaksenrolla i leiken og er aktivt deltakande gjennom heile dagen.
- Vi skal ha ein heilskapleg tilnærming til barnet der omsorg, leik, læring og danning skal sjåast i samanheng.



OVERGANGAR

- Personalet skal sørge for at barnet og foreldre får tid og rom til å bli kjende med andre barn, personale, rom og rutinar når eit barn byter avdeling i barnehagen.
- Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang mellom barnehage, skule og sfo.

Våre tiltak:

- Vi inkluderer borna i overflyttingsprosessar. La dei besøke ny avdeling for å bli kjente og trygge på den nye avdelinga saman med born og tilsette.
- Vi informerer foreldre i god tid før overgang til ny avdeling, og ha ein god dialog om overgangen undervegs.
- Eigen rutine for overgang barnehage-skule gjennom heile barnehageåret.



FORELDRESAMARBEID

- Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling
- Barnehagen skal bidra til foreldre får medverke i barnehagekvardagen, og foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet trivst og utviklar seg.
- Samarbeidet skal alltid ha barnets beste som mål.

Våre tiltak:

- Vi skal vere profesjonelle og tydelege i møte med foreldre, og ha ein god og open dialog i kvardagen.
- Vi skal vise respekt og interesse for foreldrenes behov og innspel, og samstundes kunne grunnge våre vurderingar.
- Vi skal utøve relasjonelt mot, og vektlegge barnets stemme
- Vi involverer foreldre heilt frå start ved bekymringar og ved behov for samarbeid med andre instanser.
- Alle foreldre inviterast til foreldremøte og utviklingssamtale to gonger årleg. Vi legg også til rette for fleire samtalar ved behov.
- Vi har eit foreldreråd og samarbeidsutval, med minimum 2 møter årleg.



LIVSMEISTRING OG HELSE

- Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og kjensle av eigenverd. Barnas psykiske og fysiske helse skal fremjast.
- Barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar
- Barna skal få ro, kvile , og avslapping i løpet av barnehagedagen
- Personalet skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage omsorgssvikt, vald og overgrep.

Våre tiltak:

- Vi er trygge og pålogga vaksne som møter alle barn med anerkjenning og omsorg, er løysingsfokuserte og gler seg saman med dei. Humor og glede skal prege kvardagen.
- Vi skal støtte barnet i å meistre motgang, takle utfordringar og setje ord på eigne kjensler
- Vi gir barna eit variert tilbod, med både fysisk aktivitet og kviletid kvar dag. Vi let barna bidra i matlaging, og barnehagen skal lage sunn, variert og næringsrik mat.
- Alle tilsette har kunnskap om omsorgssvikt, vald og overgrep, og kjenner til den personlege opplysningsplikta. Samlingar og samtaler med temaet kroppen, eige tema i samarbeid med helsestasjonen.

PLANLEGGING, VURDERING OG DOKUMENTASJON

- Barnehagen skal sikre at alle barna får eit fullverdig tilbod i tråd med barnehageloven og rammeplan
- Barnehagens pedagogiske verksemd skal planleggast, vurderast og dokumenterast
- Barnehagen skal leggje til rette for barn som treng ekstra støtte

Våre tiltak:

- Heile personalet deltek aktivt i planlegging og vurdering av det pedagogiske arbeidet.
- Barnets trivsel og allsidige utvikling observerast og vurderast fortløpande. Pedagogiske opplegg utformast slik at alle kan delta ut frå eigne føresetnader og behov.
- Heile personalet blir inkludert i førebuing av samtaler.
- Vi sender ut årsplan og månadsbrev til foreldre, og nyttar elles Mykid og dagleg kontakt ved bringing og henting.
- Vi har jamlege felles refleksjonar i personalgruppa med bruk av ulike verktøy for refleksjon; vurderingskryss, dialogspel, m.m.
- Vi samarbeidar internt, med foreldre og med ulike instansar.

SATSINGSOMRÅDE BARNEHAGEÅRET 2021-22

TEMA 2021-22: KOMMUNIKASJON OG SPRÅK

(FRÅ OVERORDNA PLAN FOR BARNEHAGANE I VESTRE SLIDRE 2020-2024)

- Barnehagen skal sikre eit rikt språkmiljø og tilpassa språkstimulering for alle barn.
- Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst.
- Barnehagen skal stimulere til språklig nysgjerrighet, bevisstheit og utvikling.
- Barnehagen skal gje alle barn språkleg og kommunikativ kompetanse for å kunne kommunisere og delta i leik og samhandling.

Tiltak

- Observere, dokumentere og vurdere språkmiljøet og språket til enkeltbarn.
- Støtte barna i å kommunisere, medverke, lytte og forstå, og skape mening gjennom dialog og samspel.
- La barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, sangar, litteratur og tekstar frå notid og fortid.
- Støtte barna sine ulike kulturelle uttrykk og identitetar og fremje mangfald i kommunikasjon, språk og andre uttrykksformer.

BARNEHAGENS SPRÅKMILJØ

- I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter
- Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.

Våre tiltak:

- Vi brukar språket aktivt gjennom dialekter, rim, regler, sangar, litteratur og tekstar frå samtid og fortid, og oppmuntrer til å fabulere og leike med språk og lydar
- Vi bidreg til at språklig mangfald blir ein berikelse for heile barnegruppen
- Vi støttar fleirspråklege barn i å bruke sitt morsmål og fremjer samtundes barnas norskkompetanse.
- Vi er bevisste på vår rolle som språklege førebilete og lydhøyre i kommunikasjon med alle barn
- Vi følgjer opp barns initiativ ved å bruke eit inviterande kroppsspråk, utvide samtala og stille opne spørsmål

SPRÅKETS BETYDNING FOR RELASJONAR, VENSKAP OG LÆRING

- Barnehagen skal bidra til at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eige tankar og kjensler.

Våre tiltak:

- Vi bruker alle kvardagssituasjonar til å skape eit variert språkmiljø, der barna får delta med glede og engasjement

- Vi støttar barna i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining gjennom dialog og sosialt samspel
- Vi støttar barna i å bruke språket til deltaking og meistring av ulike situasjonar ved å leggje til rette for felles opplevingar og erfaringar.

BARNES ULIKE UTTRYKKSFORMER

- Barnehagen skal anerkjenne og verdsette barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk
- Barnehagen skal stimulere barns verbale og non-verbale kommunikasjon og leggje til rette for at alle barn blir involvert i samspel og samtalar.

Våre tiltak:

- Vi anerkjenner barna og er sensitive ovanfor deira ulike måtar å kommunisere på
- Vi lyttar til barna og viser interesse og engasjement for deira verbale og non-verbale uttrykk

UTFORMING AV DET FYSISKE MILJØET OG ROMMETS BETYDNING FOR SPRÅKLEG AKTIVITET

- Barnehagens fysiske miljø skal utformast slik at alle barn får høve til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar, og slik at leiker og materiell er tilgjengeleg for barna.
- Det fysiske miljøet inne og ute skal inspirere til leik som stimulerer språkleg aktivitet og utvikling.

Våre tiltak:

- Vi har ulike leikemateriell tilgjengeleg for å inspirere til varierte leikeaktivitetar
- Vi utformar pedagogiske rom på ein måte som inspirerer til leik, kreativitet og språkleg utvikling
- Vi følgjer opp barnas interesser og initiativ ved å gi rom for undring, nysgjerrighet og spontanitet
- Vi nyttar uterommet aktivt, og brukar språk for å setje ord på det vi sansar og opplever

SPRÅKUTVIKLING OG SPRÅKVANSKAR

- Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjer kommunikasjon og ein heilskapleg språkutvikling
- Barn med ulike former for kommunikasjonsvanskar, som er lite språkleg aktive eller som har sein språkutvikling oppdagast og følgjast opp.

Våre tiltak:

- Vi observerer og stimulerer barnas språkutvikling kontinuerleg, i tett samarbeid med heimen
- Vi vurderer kontinuerleg korleis vi arbeider med språkutvikling, både i kvardagen på avdelinga og på nettverksmøter.
- Vi gir barn med språklege utfordringar støtte ved å styrke deira relasjonar og identitet
- Ved behov for støtte utover det barnehagen kan gi tek vi kontakt med aktuelle instansar etter avtale med foreldre.

Årshjul aktivitetar Slidre barnehage 2021 – 2022

Månad	Tema	Aktivitetar/ hendingar	Dato
August	Leik, vennskap og fellesskap	Planleggingsdagar 11.08, 12.08 og 13.08 – barnehagen stengt Tilvenning	11.08, 12.08 og 13.08
September:	Leik, vennskap og fellesskap	Foreldremøte	2. september
		Tilvenning	
	Naturen om hausten	Sikkerheitsveker, brannøving	Dato kjem seinare
		Fjelltur skuleklubben – saman med Røn naturbarnehage	16. september
Brannvernveke/ sikkerheitsveker	Nasjonale brannvernveke veke 38	Veke 38 og 39	
Oktober	Internasjonale veker	Tema: Internasjonale veker. Forutaksjonen.	
		Su-møte	Dato kjem seinare
November	Eventyr		
		Planleggingsdag 26.11 - barnehagen stengt	26. november
Desember	Jul	Julebord for barna	Dato kjem seinare
		Julevandring for skulegruppa til kyrkja evt. besøk frå kyrkja	Dato kjem seinare
		Skuleklubben går luciagog	13. desember
		Nissefest og førjulsgraut	Dato kjem seinare
		Juleferie – barnehagen stengt	f.o.m. 24.12
Januar	Kroppen min	Planleggingsdag 03.01 – barnehagen stengt.	03.01
		Fyste bhg.dag etter jul	04.01
Februar	Kroppen min	Samefolkets dag	06.02
		Utkledningsdag	Dato kjem seinare
		Overgang bhg/skule – skulebesøk	Veke 8
Mars	Naturen om vinteren	Barnehagedagen 2022 – Tema: Klima og miljø	15.03
		Skidag	Dato kjem seinare
		Overgang bhg/skule – skulebesøk	Veke 11
		Påskeferie – barnehagen stengt	F.o.m 11.04 t.o.m 18.04
		Su-møte	Dato kjem seinare
April	Sikkerheitsveker Naturen om våren	Brannøving	Dato kjem seinare
		Foreldremøte	Dato kjem seinare
		Frist for å melde ferie for barn i Visma	01.05
		Overgang bhg/skule – skulebesøk	Veke 16
Mai	Naturen om våren+ vårt nærmiljø	Øve på å gå i 17.maitog Foreldrerådsrepr. ansvar for å bringe fana til kyrkja 17.mai	Datoar kjem seinare
		Innskuledagar	Datoar kjem seinare
Juni	Naturen om våren+ vårt nærmiljø	Sommaravslutning- Skulegruppeforeldre inviterar og ansvarleg for gjennomføring	Dato avklarast seinare
	Foreldreskule: Overgang bhg-skule	For foreldre til skulestartarar, 1. kveld.	Dato kjem seinare
Juli		Ferieavvikling – barnehagen stengt veke 29 og 30	Veke 29 og 30

Aktuelle lenkjer:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>

<https://www.tryggtrafikk.no/barnehage/>

<https://www.vestre-slidre.kommune.no/>